

Fylkesdirektør gav slikt svar:

Bakgrunn

Om fisket etter makrellstørje

Vilkåra for fisket etter makrellstørje vert fastsett av den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk, ICCAT (The International Commission for the Conservation of Atlantic Tunas).

Bestanden av makrellstørje var lenge, som følgje av overfiske, i særslig dårleg forfatning. For å ha kontroll på fangstane og få ei effektiv gjenoppbygning av bestanden, har ICCAT dei siste 10-15 åra gjennomført ein rekke tiltak, blant anna låge fangstkvotar og krav om å tilpasse fangstkapasitet til kvotane. Vidare er det utarbeidt reglar om vern av gyteområda, tiltak for å unngå fangst av ungfisk, krav til registrering av all fangst og kontroll med at den årlege totalkvoten ikkje vert overskriden. Som følgje av noko betring av bestanden vedtok partane i ICCAT på årsmøtet i 2018 å gå over frå ein gjenoppbyggingsplan til ein forvaltningsplan for makrellstørje.

For fangst i 2020 er det forslag om at det vert avsett eit kvantum makrellstørje til rekreasjon- og merk- og slippfiske etter makrellstørje, og at laga som får løyve til å delta i dette fisket kvar får fange ein makrellstørje til «matauk», og må merke og sleppe anna fanga størje.

Den norske kvoten av makrellstørje for 2020 er fastsett til 300 tonn. Erfaringar frå fisket dei seinare åra tilseier at det er viktig at så mange fartøy som mogleg får tilgang til å delta i fisket.

Tilbakemeldingar frå fartøy som har delteke i fisket syner at makrellstørja beveger seg over store strekningar på kort tid, og fiskarane er avhengige av observasjonar for å få fiska kvoten. I tillegg har dårleg ver gjort fiske etter makrellstørje svært vanskeleg dei siste åra.

Erfaringane syner at det å fiske etter makrellstørje med line i Norske farvatn er krevjande. Havforskningsinstituttet viser til at moglege årsaker til at det ikkje vert teke fleire makrellstørjer på line kan være reiskapsutforming, agnstype, settemetode og manglende erfaring, i tillegg til god fødetilgang og dermed liten motivasjon hos størja til å ta agnet.

Økonomi

I samband med fisket etter makrellstørje er store inntekter ofte nemnd. Det er makrellstørjer som vert seld til millionar på det japanske marknaden. Dette er diverre nok berre unntaksvis, og fisket etter makrellstørje er mindre lukrativt enn det mange trur, mellom anna fordi kostnadane med fisket er svært høge.

Det er ønskje om ei rulleringsordning for fartøy som ønskjer å delta i fisket etter makrellstørje. Ei slik ordning vil vere meir føreseieleg for næringa, bidra til at fartøy kan samarbeide om reiskap og på den måten holde kostnadane nede og utveksle kunnskap.

Ei rulleringsordning vil og kunne bidra til at det vert lettare å planlegge økonomien i fisket blant anna ved at arbeidet opp mot potensielle kjøparar av makrellstørje kan starte tidlegare. Det er ein fordel at fartøy deltek i fisket over fleire år, slik at dei får høve til å opparbeide seg erfaring, inngå meir langvarig samarbeid med mottakarar og kjøparar, og sikre god kvalitet på fangsten av makrellstørje. I samband med dette syner Fiskeridirektøren til at fartøya som fiskar etter makrellstørje har store kostnadar i samband med fisket. Dersom fartøya får fiske fleire år i strekk vil moglegheita for at fartøya går i pluss auke, og at fisket etter makrellstørje er eit fiskeri som fiskarane ynskjer å delta i.

Den norske marknaden har til no ikkje vore stor nok til å ta imot heile den norske kvoten av makrellstørje. Erfaringa frå dei seinare åra tilseier at det kostar mye å sende makrellstørje ut av landet, til dømes Japan, blant anna som følgje av kostnadene til emballasje og transport (fly mv.). For å sikre lønsemda i å fiske etter makrellstørje er det svært viktig at næringa held fokus på kvalitet og på mottaksapparat, og legger ein plan for omsetning av makrellstørje. Tilbakemeldinga frå fiskarane som har delteke i fisket har vore at det til tider har vore vanskeleg å få omsett makrellstørja, sjølv om kvaliteten har vært god. På det japanske merknaden er kravet til kvalitet svært høgt, og det er derfor viktig at fartøya syt for best mogleg kvalitet.

Andre opplysningar

Fisket etter makrellstørje (*Thunnus thynnus*) 2020 regulerer dette fiske.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-09-246?q=makrellst%C3%B8rje>

Fylkesdirektøren vil løfte fram ein del av krava i forskrifta.

§ 12.Observatører

Ringnotfartøy som fisker makrellstørje må ha observatør fra ICCATs regionale observatørprogram om bord 100 % av tida. Fartøyet må sjøve bære disse kostnadene, og før observatør tildelast må alle kostandane være betalt. Vidare pliktar fartøyet å sørge for lugar, mat og sanitære tilhøve tilsvarannde det offiserane har, og det krav om tilgang til ein rekke dokument, satellittnavigasjonssystem, radar, elektronisk kommunikasjonsutstyr, tilstrekkeleg med plass på brua om bord slik at observatøren kan utføre oppgåvene sine m.m. Det er også krav om at observatøren må være dekket av forsikringa om bord.

Det norske regelverket inneber at 20 % av fartøy som fisker med line, uavhengig av lengde, skulle ha observatør ombord. Fartøya kan bli pålagt å ta prøver på vegne av Havforskningsinstituttet i dei høva det ikkje er ein havforskar om bord.

§11 Krav til merk- og slipp- og rekreasjonsfiskere som ønsker å delta i fisket

I ein del land utøvast fritidsfiske som ein viktig del av det kommersielle fisket etter makrellstørje. Her må det understrekast at ICCATs forvaltningsplan for makrellstørje stiller strenge krav til slike fiske. Mellom anna er det krav om at alle fartøy som skal delta må ha særskilt løyve frå nasjonale myndigheter, at fartøya i størst mogleg utstrekning skal sleppe ut igjen levedyktig størje, at fartøy i utgangspunktet ikkje kan lande meir enn ein størje per dag, og at størje tatt i desse fiskeriene ikkje kan omsettast, men skal trekkast frå kvoten. I tillegg skal fangstdata på all makrellstørje som fanges i dette fiskeriet registrerast og sendes til sekretariatet i ICCAT.

Nytt av i år er mellom anna at det er opna for eit rekreasjonsfiske etter makrellstørje for 24 lag.

i Forskrift om regulering av fisket etter makrellstørje (*Thunnus thunus*) 2020 regularar dette fiske

Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner at det ikkje vil vere lønsamt med fleire små kommersielle aktørar i mindre fartøy når kostandane knytt til dette fisket er så høge. Det vil såleis gje lite påverknad på

sysselsetjing og svært lite innverknad på marin verdiskaping på Vestland. I tillegg er det store utfordingar med omsyn til sikkerheita til rekreasjonsfiskarar. Likeså er det usikkert om ein gjennom rekreasjonsfisket kan stette krava i forskrifta.